

REISELIVSSTRATEGI FOR
VEST-TELEMARK 2023-2033

HANDLINGSPLAN 2024-2027

UTARBEIDD ETTER KRAVA TIL
"MERKET FOR BEREKRAFTIG REISEMÅL"

Foto: Yngve Ask



Fyresdal



Kviteseid



Nissedal



Seljord



Tokke



Vinje



Vest-Telemarkrådet

Fyresdal • Kviteseid • Nissedal • Seljord • Tokke • Vinje




TELEMARK

Innhold

Innleiing	3
Utarbeiding og gjennomføring	5
Destinasjonsleiinga i Vest-Telemark.....	5
Rullering	5
Definisjonar og forklaringar.....	6
Forkortingar	6
Tiltaksoversikt.....	7
Innsatsområde:.....	8
1. Merket for Berekraftig reisemål.....	8
2. Opplevingskonsept som «Reason to go»	11
3. Kompetanseløft – besøksforvaltning, vertskap og kvalitet.....	15
4. Lokal stadutvikling for gode felles møteplassar	21
5. Lokalmat og måltidsopplevingar	22
6. Grøn mobilitet og tilpassa infrastruktur.....	25
7. Rekruttering og livstilstilflytting	28
8. Program for partnerskap – intern kultur og forpliktande avtalar	29
9. Berekraftig utvikling på fjell- og hyttedestinasjonar	31
10. Kulturarven og den moderne vesttelen	32


Innleiing

Reisemålsutviklinga i Vest-Telemark starta i 2018 med eit forstudie som undersøkte ressursgrunnetil reiselivet i Vest-Telemark og motivasjonen og ønske i næringa for å lage ein felles reiselivsstrategi for alle dei seks kommunane i Vest-Telemark. Sommaren/hausten 2022 starta arbeidet med ein felles reiselivsstrategi opp. Parallelt med utviklinga av felles reiselivsstrategi starta arbeidet med å kvalifisere Vest-Telemark for merkeordninga Berekraftig reisemål for første gong.



Figur 1 Tidslinja viser reisemålsutviklingsprosessen i Vest-Telemark, frå oppstart av forstudie i 2018, til det langsiktige arbeidet med oppfølging av strategien og remerking som Berekraftig reisemål i 2027.

Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033 var ferdig sommaren 2023. Strategien blei vedteke av Vest-Telemarkrådet 29. august 2023. Alle dei seks kommunane i Vest-Telemark vedtok strategien i perioden september 2023 - april 2024. Handlingsplanen beskriv tiltaka som destinasjonsleiinga i Vest-Telemark ønsker å prioritere for å nå måla i reiselivsstrategien.



Figur 2 Ei samanfating av dei viktige elementa i Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033. Dei 10 innsatsområda som handlingsplanen byggjer på er utheva i blått.

I reiselivsstrategien er det definert 10 innsatsområde som peiker på prioriterte område for det vidare arbeidet. Det er planlagt ein Fase 3 – Frå ord til handling – av reisemålsutviklingsprosessen i Vest-Telemark med oppstart hausten 2024. I august/september 2024 håpar Vest-Telemark på å bli kvalifisert til merkeordninga *Berekraftig reisemål*. Etter kvalifiseringa er prosjektperioden for merkeordninga ferdig, og går over i ein driftsfase. Merkeordninga er eit verktøy for det langsiktige arbeid med berekraftig reisemålsutvikling i regionen - og for gjennomføring av tiltaka knytt reiselivsstrategien i Vest-Telemark.

Utarbeiding og gjennomføring

Handlingsplanen for Vest-Telemark er utvikla gjennom brei involvering av regionråd, reiselivsaktørar, næringsaktørar, utbyggjarar, kommunane, frivillig sektor, lokale destinasjonsselskap og regionalt destinasjonselskap.

Handlingsplanen er eit verktøy for å samle alle dei involverte og skape ein felles mobilisering rundt dei innsatsområda som er definerte for reiselivsutviklinga i Vest-Telemark.

For operasjonalisering av reiselivsstrategi for Vest-Telemark er det nedsett ei destinasjonsleiing som har ansvar for at tiltaka i handlingsplanen blir gjennomført og at målsettingane i strategien blir nådd.

Destinasjonsleiinga i Vest-Telemark

År 1 er næringsstjefkollegiet i Vest-Telemark, Vest-Telemarkrådet og Visit Telemark nedsett som destinasjonsleiing. Denne leiinga skal vidareutviklast dei neste åra, med både intensjonsavtale og partnerskapsavtale. Det er ei målsetting at destinasjonsleiinga skal få fleire relevante representantar frå ulike næringer og instansar for å sikre ei god berekraftig utvikling for heile regionen.

Strategien og handlingsplanen er destinasjonsleiinga sine styringsdokument og dei er ansvarlege for at kommunane får eigarskap og kjennskap til sine ansvarsområde. Destinasjonsleiinga har som mandat å følge opp arbeidet med tiltaka i handlingsplanen.

Rullering

Det er både kortsiktige og langsiktige tiltak i handlingsplanen som til saman skal svare på målsettingane i Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033. Handlingsplanen er gjeldande fram til ny plan blir vedtatt og rullerast ei gong kvart år (med utgangspunkt i budsjettarbeidet til kommunane og destinasjonsleiinga sine prioriteringar av tiltak.)

Fleire av tiltaka vil vere samanhengande under heile strategiperioden fram til 2033. Nokre tiltak vil starte i 2024 og bli avslutta etter kortare og lengre tid. Andre tiltak startar seinare i samsvar med prioritering av ressursar.

Definisjonar og forklaringar

Reisemål: (Destinasjon) Stad ein skal reise til («Det Norske Akademis ordbok»).

Destinasjonsleiing: (Reisemålsleiing) handlar om å definere og koordinere utviklinga av eit meir berekraftig reiseliv på reisemålet. Destinasjonsleiinga er ei breitt samansett gruppe med deltakarar frå privat, offentleg og frivillig sektor og eventuelt andre aktørar i lokalsamfunnet, som samarbeider for å oppnå visjonen og måla for reisemålet (NOU 2023: 10, Lev og oppleve).

Besøksforvalting: Forebygge og unngå uønskete konsekvensar av besøk på naturmiljø, kulturmiljø og/eller lokalsamfunn og auke den sosiale, kulturelle, økonomiske og miljømessige verdiskapinga av besøk (NOU 2023: 10, Lev og oppleve).

Reisemålsutvikling: Eit systematisk arbeid med å utvikla eit berekraftig, heilskapleg reiseliv på destinasjonen (ndla.no)

Merket for Berekraftig reisemål: Ei merkeordning utvikla av Innovasjon Noreg for norske reisemål som ønsker å arbeida langsiktig for ei meir berekraftig utvikling av reiselivet på reisemålet.

Forkortingar

Vest-Telemarkrådet = VTR

Visit Telemark = VT

Lokale destinasjonsselskap = LD

Telemark fylkeskommune = TFK

Kommunane sitt sentralforbund = KS

Tiltaksoversikt

Tiltaksoversikten presenterer ulike tiltak, kven som er ansvarlege for å følgja opp tiltaka og ei tidsramme for arbeidet som skal gjennomførast. Enkelte tiltak er knytt til kriterium og indikatorar i merkeordninga *Berekraftig reisemål*. Kva indikator tiltaket er knytt til står i kolonnen «indikator».

Tiltaka i handlingsplanen må sjåast i samanheng. Same tiltak kan derfor bli nemnt fleire gonger under forskjellige innsatsområde.

Tiltaka er delt inn under kvart av dei 10 innsatsområda som skal til for å nå måla i Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033.

Dei 10 innsatsområda er:

1. Merket for Berekraftig reisemål
2. Opplevingskonsept som «Reason to go»
3. Kompetanseløft – besøksforvaltning, vertskap og kvalitet
4. Lokal stadutvikling for gode felles møteplassar
5. Lokalmat og måltidsopplevinga
6. Grøn mobilitet og tilpassa infrastruktur
7. Rekruttering og livstilstilflytting
8. Program for partnerskap – intern kultur og forpliktande avtaler
9. Berekraftig utvikling på fjell- og hyttedestinasjonar
10. Kulturarven og den moderne vesttelen

Innsatsområde:

1. Merket for Berekraftig reisemål

Mål: Oppnå og behalde «Merket for Berekraftig reisemål» og jobbe systematisk med berekraft perspektivet og berekraftig utvikling.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1 System for oppfølging av reiselivet si berekraftige utvikling	Det er ein ressurs knytt til arbeidet med berekraft	Destinasjonsleiinga		År 1	B1-2	
T1: Årleg rapportering om berekraftsarbeidet og skriftleg oppdatering på arbeidet med å følge opp tiltak i handlingsplan for reiselivsstrategi i Vest-Telemark	Det skal årleg lagast ein berekraftsrapport i merkeordninga Berekraftig reisemål. Denne rapporten og status om reisemålsutviklinga i Vest-Telemark skal sendast ut til reiselivsaktørar, kommunar og andre interessentar i april kvart år.	Destinasjonsleiinga		Årleg i april	B1-2.1	Avklara
T2: Orientering om arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling i Vest-Telemark i alle kommunestyra	Årleg orientering i kommunestyra om status på gjennomføringsarbeidet i Fase 3 og oppfølging av merkeordninga Berekraftig reisemål. Berekraftsrapporten i	Destinasjonsleiinga		Årleg i mai	B1-2.1	Avklara

	merkeordninga og status for arbeidet med fase 3 kan ligge til grunn for orientering.					
T3: Orientering om arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling i Vest-Telemarkrådet og i Visit Telemark	Årleg orientering Vest-Telemarktinget og i styret til Visit Telemark om status på gjennomføringsarbeidet i Fase 3 og oppfølging av merkeordninga Berekraftig reisemål. Berekraftsrapporten i merkeordninga og status for arbeidet med fase 3 kan ligge til grunn for orientering.	Destinasjonsleiinga		Kvart år i april/mai	B1-2.1	Avklara
T4: Legge til rette for langsiktig oppfylging av arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling		Destinasjonsleiing		År 1	B1-2.2	Avklart
T5: Arbeide for finansiering og organisering av Fase 3 - Frå ord til handling - i reisemålsutviklinga		Destinasjonsleiing		År 1, År 2, År 3	A1-1.3	Under arbeid
T6: Sikre finansiering utover år 3 for Merket for Berekraft		Destinasjonsleiinga		År2, År 3		Ikkje sett i gang
T7: Sike at destinasjonselskap(a) blir meir involvera i ulike planprosessar for natur- og besøksforvaltning		VT	LD	År 1		
HA2 Tiltak for minimering av risiko og tiltak for klimatilpassing						

T1: Identifisere utfordringar og høver knytt til reiselivet si tilpassing til eit endra klima		Kommunane	VTR		C3-2.1	
T2: Arbeide for at kommunane har ein strategi for klimatilpassing som også inkluderer friluftsområde, utfartsområde og reiselivsanlegg	Dette er ein del av besøksforvaltinga i kvar kommune	Kommunane	VTR		C3-2.2	
T3: Kartlegge risiko for gjester i alle kommunane i Vest-Telemark, og utarbeide risikoanalyse med tiltaksplan for gjester på reisemålet i samarbeid med næring og nødetatar.	Identifisere risiko for gjester på reisemålet. Gjester sin risiko skal inn i heilskaplege ROS-analysar hjå kommunane. Tiltak skal bli kommunisert til reiselivsbedrifter og gjester	Destinasjonsleiing	Næringa Naudetatar		D8-2.1	
T4: Arrangere årlege møter med representantar frå politi/redningsteneste, lokale helsemyndigheiter og representantar frå kommunane sine beredskapsavdelingar	Årlege møter om utfordringar og behov knytt til reiselivet	Kommunane	VT LD	Årleg	D8-2.2	
HA3: Arbeide for eit reint miljø og ressurseffektivitet						
T1: Arbeide for å redusere lys- og støyforureining på reisemålet	Samarbeid mellom næringsliv og kommune for reduksjon av lys- og støyforureining. Få på plass tiltak i kommunedelplanar som gjeld	Kommunane			C4- 2.3	

T2: Kommunane skal rapportere reinleiken i drikkevatn på kommunen sine heimesider	Drikkevatnforskrifta krev at kommunane skal rapportere kvaliteten på drikkevatn offentleg	Kommunane		Årleg	C4-3.1	
T3: Etablere system for å måle kvalitet i populære badevatn i Vest-Telemark		Kommunane			C4-3.2	
T4: Kartlegge og vurdere behovet for toalett og avfallsreturpunkt		Kommunane	Renovest/IATA		C4-4.3	

2. Opplevingskonsept som «Reason to go»

Mål: Å utvikle eit meir heilårig reiseliv og sikre at marknadsføring og leveranse samsvarar. I tillegg sikre at reiselivsaktørane utviklar produkt utifrå eit kundeperspektiv og behov.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDSPARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1 Ferdigstille arbeidet med dei fem overordna opplevingskonsept og eit felles personas-galleri	Desse må koplast på arbeidet som VT gjer i samband med utvikling av kreativt uttak.	VT	LD	År 1 + 2		Delvis
T1: Ta i bruk årshjulmetodikken som utviklingsverktøy i bedriftene		VT	Næringa	År 1		Delvis
T2: Gjennomføre orientering av verktøya i heile regionen	Når opplevingskonsept er ferdig utvikla i	Destinasjonsleiinga		År 2, År 3		Delvis

	samband med kommunikasjonsstrategien til VT, må dei orienterast om i heile regionen.					
T3: Jobbe med segmenteringsmodell og strategisk kompass	Dette må sjåast i samanheng på tvers av heile Telemark og arbeidet VT gjer innan marknadsføring og målgruppesegmentering	VT	LD VTR	År 1, År 2, År 3		Delvis
T4: Synlegheit og distribusjon av opplevingskonsept	Dette skal gjennomførast i spleiselag med Colorline mot den internasjonale marknaden. Nedsette eit regionalt marknadsråd som fungerande arbeidsgruppe på korleis desse midlane skal forvaltast på best måte.	VT	Næringa	År 1		500.000. Det er vedtatt en eingongssum for året 2024.
T5: Produktutviklingsverkstad med reiselivsnæringa	Samle utvalde reiselivsbedrifter til felles verkstader for å arbeide med produktutvikling og pakking mot eksisterande	VT	LD Næringa	År 1, År 2		Ikkje avklara

	målgrupper og sesongar. Bruk same metodikken som i prosjektet «Skjærgården som spydspiss». Fokus på unike fortrinn som klima, snøsikkerheit, og tilgjengelegheit.					
T6: Opplevingsdesign som arbeidsmetodikk	Stimulere og engasjere til bruk av arbeidsmetodikk som t.d. opplevingsdesign for å sikre kvalitet og utvikling mot målgrupper. Sjå t.d. «Home of the Trolls».	VT	Næringa Telemark næringshage	År 1, År 2, År 3		Delvis
T7: Velje 2 opplevingskonsept som utgangspunkt	Starte med to konsept for vidare utvikling, med personas «Familie-Finn» og «Hytte Håvard» som eit sentralt fokus.	VT	Næringa	År 2		Delvis
T8: Verkstad med turoperatørar	Arrangere verkstader med turoperatørar for å utvikle og forbetre tilboda basert på innsikt frå målgruppene.	VT	Næringa	År 2		Delvis
T9: Nasjonale satsingar og nettverksbygging	Integrere og utnytte nasjonale ordningar	VT	Telemark Næringshage	År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara

	og initiativ for å styrke tilbudet. Opprette møteplassar for fagområde og verkemiddelapparat for betre samordning og samarbeid.		VTR Næringa			
HA2 Opplevingsutvikling innan natur, kultur og mat						
T1: Utvikle fleire nisjeprodukt tilpassa ressursgrunnlaget på staden, t.d. klatring, stisykling, fiske, toppturar og andre utmarksaktivitetar		Næringa	TFK Kommunane	År 1, År 2, År 3		
T2: Utvide omgrepet «Vest-Telemark-kulturen» og utvikle nye opplevingar og attraksjonar knytt til lokal kultur, jf. innsatsområde 10		Næringa	Kommunar TFK	År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara
HA3: Utvikling av eksisterande eller nye opplevingar eller produkt						E9-3.4
T1: Ta i bruk årshjulmetodikken for berekraftig drift	Alle burde ha en slik metodikk med sitt ansvar i sin bedrift	Destinasjonsleiinga Næringa LD	Næringa LD	År 1		
T2: Kartlegge og legge tiltrette for gode berekraftige badeplassar i heile regionen	Dette må sjåast i samband med besøksforvaltning og kva for badeplassar som skal vere marknadstilpassa	Destinasjonsleiinga	Næringa	År 1, År 2, År 3		

T3: Internasjonale marknader	Jobbe med produktutvikling og marknadsføring i kombinasjon opp mot forventingar og kravspesifikasjon til turoperatørar og kople seg tett opp mot arbeidet VT gjer med internasjonal satsing for heile Telemark	VT	Destinasjonsl eiing	År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara
------------------------------	--	----	------------------------	---------------------	--	---------------

3. Kompetanseløft – besøksforvaltning, vertskap og kvalitet

Mål: Eit felles kompetanseløft som skal bidra til at reiselivet blir ei verdsett framtidsnæring og at regionen blir rusta for å imøtekoma nye utfordringar.

TILTAK	SKILDNING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARNEIDS-PARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Utvikle program for kompetansetiltak	Det skal utviklast eit heilskapleg kompetanseprogram for og om reiselivet. Fagleg innhald og praktisk gjennomføring skal tilpassast til ulike målgrupper/ interessentgrupper. Dette er dei tre viktigaste:	VT	LD USN Telemark Næringshage TFK Innovasjon Norge	År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara

	<ul style="list-style-type: none"> • aktører/bedrifter – enkeltvis (på tilsett- og verksemdsnivå) og i nettverk/samarbeid • kommunal sektor – politisk og administrativt nivå • innbyggjarar/lokalsamfunn – for breiare forståing og sosial berekraft 					
T1: Ta i bruk kompetanseplattforma Motimate	Visit Telemark har kjøpt plattforma og den er tilgjengeleg for fellesskapet til å ta del i.	Alle		År 2		Delvis
T2: Utvikle kurs om vertskap og kvalitet	Visit Telemark og Visit Vestfold lager et Vertskapskurs for regionen med finansiering frå tidlegare VTFK	VT	Næringa	År 1		Delvis
T3: Utvikle kurs om marknadsføring		VT		År 1, år 2, År 3		Delvis
T4: Utvikle kurs om produktutvikling og personas		VT		År 2		Delvis
T5: Utvikle kurs om produktutvikling mot internasjonale marknader		VT		År 1, År 2, År 3		Delvis
T6: Kurs i ulike digitale verktøy som er relevant for		Destinasjonsleiinga		År 2		Delvis

kommunen og næringa						
HA2: Legge til rette for ansvarleg marknadsføring						
T1: Lage, vedta og ta i bruk retningslinjer og sjekklister for ansvarleg marknadsføring		VT	Næringa Destinasjonsleinga	År 2	B1-3.1	
T2: Oppdatere destinasjonsselskapa sine nettsider med relevant informasjon som bidreg til god gjesteåtferd, auka sikkerheit og god besøksstyring		VT	LD	År 1	B1-3.2	Avklara
T3: Lage kurs om ansvarleg marknadsføring til medlemmar/aktørar		VT		År 2		Ikkje avklara
T4: Oppdatere og betre informasjonen om allmenn tilgjenge og tilrettelegging for menneske med særskilte behov på Visit Telemark sine nettsider		VT		År 2	D8-3.2	Avklara

HA3: Rekruttering av partnerar til destinasjonsselskapet						
T1: Auke talet partnerar i destinasjonsselskapa i Vest-Telemark		VT	LD	Kontinuerleg	A1-2.1 A1-2.2	
HA4: Utvikle system for innhenting av relevant reiselivsstatistikk						
T1: Informasjonsmøte med PLAACE	Implementere og utvikle Plaace. Visit Telemark har kjøpt plattformen og det er mogleg for fleire å få tilgang.	VT		År 1		Avklara
T2: Implementere månedleg rapportering på relevant reiselivsstatistikk		VT		År 1		Avklara
T3: Gjere statistikken tilgjengeleg på digital flater		VT		År 1		Avklara
HA5: God besøksstyring i sårbare område						
T1: Kartlegge kva som er sårbare naturområde med behov for tilrettelegging og tiltak		Kommunane		År 2	C2-2.2	

T2: Utarbeide risiko- og sårbarhetsanalyse for naturområde med mykje besøk		Kommunane	LD	År 2	C2-2.2	
T3: Informere om og formidle klimaendringane sine konsekvensar til bedrifter og gjester	Etablere informasjon på destinasjonswebsider og bransjesider. Sende ut nyhetsbrev til partnerbedrifter ein gong i året.	VT	LD	År 1 -3	C3-2.3	
T4: Reiselivet skal involvere seg for at kommunane får besøksstrategiar for Hardangervidda nasjonalpark og andre aktuelle besøksmål og attraksjonar med mykje besøk.		Vinje kommune, Fyresdal kommune, Tokke kommune m.fl.	Destinasjonsleiinga LD	År 2	C2-2.3	Ikkje avklara
T5: Utvikling av heilskapleg løypenett for heile Vest-Telemark	Lage eit eiga prosjekt med egen finansiering	VT	Kommunane LD TFK	År 2, År 3		Ikkje avklara
T6: Vidareutvikle "Vandre Telemark" og den delen som er knytt til Vest-Telemark.	Må koplast på hele fylket	VT	TFK	År 2		Ikkje avklara
T7: Legge til rette for at dei mest besøkte		Kommunane	Renovest/IATA			Ikkje avklara

stiane i Vest-Telemark har toalett ved startpunktet.						
HA6: Kompetanseløft for kommunane og næringa						
T1: Årlege møte i kommunestyra kor ein gjev viktig informasjon om kva som skjer i reiselivsnæringa		Destinasjonsleiinga		Fortløpande		
T2: Arrangere temamøtet eller arrangement for reiselivsaktørar for å betre kommunikasjon som bidreg til ansvarleg gjesteåtferd, auka sikkerheit og god besøksstyring	Tema som lovar, reglar og omsyn til sikkerheit ved ferdsel i natur. Omsyn til dyreliv og sårbar natur.	VT	Destinasjonsleiinga	År 2	B1-3.2 C2-3.1 D7-2	Ikkje avklara
T3: Halde fagmøte for aktørar i reiselivet om klimaendringane sine konsekvensar		Destinasjonsleiinga	Kommunane		C3-2.3	
T4: Utvikle animasjonsfilmar som beskriv kva Merket for Berekraft er	Det er etablert eit samarbeid med det nasjonale berekraftnettverket om produksjon av slike filmar	VT	Nasjonalt Berekraft nettverk	År 1		Avklara
T5: Utvikle kurs knytt til politikaropplæringa		Destinasjonsleiinga	KS	År 2, År 3		Ikkje avklara

på tema reiseliv og berekraftig reisemål						
T6: Sikre god kommunikasjon med omverda med informasjon om reiselivet, prosjekt og arbeid som vert utført i regionen	Informasjon skal ligge på VTR, VT og kommunane sine nettsider	Destinasjonsleiinga		Fortløpande		Delvis
T7: Utarbeide ein plan på kommunikasjon for å sikre kompetanseheving og informasjonsflyt til alle målgrupper fortløpande.		Destinasjonsleiinga		År 1		Delvis

4. Lokal stadutvikling for gode felles møteplassar

Mål: Styrkje lokal identitet

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDSPARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Kartlegge hjartepunkt og smertepunkt						
T1: identifisere utfordringar og moglegheiter på kvart reisemål (kommune).	Med utgangspunkt i idébanken i vedlegg 2 og tilbakemeldingar i undersøkingane.	Destinasjonsleiinga		År 2		Delvis

HA2: Etablere møtestader						
T1: Skape nye, gode møtestader, som er universelt utforma, for innbyggjarar og gjester		Kommunane				Ikkje avklara
T2: Skape felles møteplassar for å diskutere reiseliv	Det er etablere lokale marknadsråd i fleire av kommunane via VT som er eit godt utgangspunkt	VT	Kommunane LD	År 1		Delvis

5. Lokalmat og måltidsopplevingar

Mål: Meir lokalmat på turisten sitt fat.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNARAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1 Matregionen Vestfold og Telemark						
T1: Utarbeide forretningsplan for «Matregionen Vestfold og Telemark»	Dette prosjektet er ferdig og rapport er lagt fram for fylkeskommunen for vurdering av vidare prosess.	Skjærgårdsmat	VT	År 2	C1-2.1	Ikkje avklart

T2: Etablere oversikt/database over lokalmatprodusentar i Vest-Telemark	Dette er gjennomført, så punkt over. Kan finne informasjonen her: https://matrike.no/	Skjærgårdsmat		År 1	C1-2	Avklart
T3: Starte eit nettverk for lokalmat i Vest-Telemark/produsentsamarbeid		Kommunane	Næringa	År 1, År 2, År 3	C1-2	Ikkje avklart
T4: Kople seg på arbeidet som blir gjort frå fylkeskommunen i forbindelse med etablering av Matrike Telemark		Destinasjonsleiinga		År 1		
T5: Utarbeide kommersielle matruter	Etablere eit prosjekt på lik linje som «Matrute Gudbrandsdalen». Eige prosjekt med egen finansiering frå Innovasjon Norge. Se prosjektplan hos Visit Lillehammer som bakteppe	VT		År 2		Ikkje avklara
T6: Fleire lokalmatprodusentar i Vest-Telemark skal registrerast på nettsida Lokalmat.no	Av 22 kartlagde lokalmat produsentar i Vest-Telemark er berre 4 registrerte på Lokalmat.no. Målet er å få fleire registrerte	Matregionen	VT Næringa	Innan 2027	C1-2.2	

	produsentar inn i databasen innan 2027 (Mål: min. 15 stk totalt.)					
HA2: Tettare samarbeide mellom landbruket og næringslivet						
T1: Kople seg på arbeidet som kommunane gjer med reiseliv og landbruk i kombinasjon.	.	Destinasjonsleiinga	Landbruksforvaltinga i kommunane TFK	År 1, År 2		
T2: Studietur knytt til reiseliv og landbruk i kombinasjon	Kommunane i Vest-Telemark gjennomfører en studietur juni 2024 til Frankrike for å sjå på korleis reiseliv og landbruk kan utviklast i fellesskap	Kommunane	Statsforvaltaren VT VTR	Mai 2024		Avklara
T3: Støtte opp om lokale satsingar	Støtte opp om og framheve satsingar som Smaken av Fjell Telemark UKA, Dyrsku'n, God agronomi i det grønne skiftet etc.	Destinasjonsleiinga	VTR	Fortløpande		Avklara

6. Grøn mobilitet og tilpassa infrastruktur

Mål: Redusera klimafottrykk og auke tilgjengelegheit for alle.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA 1: Sikre at reiselivet sine behov blir kartlagde, kommuniserte og tekne omsyn til						
T1: Sikre at konkrete mål om reduksjon av gjester sitt utslepp knytt til transport til og frå reisemålet er med i kommunane sine planar/delplanar	Klimaplanen til VTR er sentral i dette arbeidet.	VTR	Kommunane	År 1, År 2, År 3	C3-1.2	Delvis
HA2: Tiltak for å redusere utslepp frå transporten til gjester til og frå reisemålet		TFK		År 1, År 2, År 3	C3-1.4	
T1: Kartlegge og vurdere behov for ladestasjonar for El bilar		VTR	Kommunane		C3-1.4	
T2: Legge til rette for meir kollektivtransport mot den kommersielle marknaden	Vy/Farte utviklar interaktive kart «Tut – Telemarks Utrolige Turer» som har som mål å	VT		År 2	C3-1.4	Avklara

	få fleir til å nytte seg av kollektiv transport til opplevingar. Miljøvenleg transport til/frå kanalbåtane er eit viktig satsingspunkt					
T3: Sørge for at digitale/teknologiske løysingar knytt til grøn mobilitet blir felles for heile regionen						
T4: Hente inspirasjon og erfaringar frå destinasjonar som har arbeida mykje med grøn mobilitet	Trysil Norefjell					
HA3 Studietur til reisemål med klimasmarte løysingar						
T1: Studietur til La Clusaz i dei franske Alpane for fjellkommunar i Telemark	Se innsatsområde 5.	Landbruksforvaltninga i kommunane		Mai 2024		Avklara
HA4 Etablere transporttilbod til og frå knutepunkt for ski-, sykkel, og vandreruter	Kople detta saman med punkt HA2 T2					

T1: Identifisere og prioritere utfordringar og moglegheiter		Kommunane	TFK LD	År 2, År 3		
T2: Sikre reiselivsomsyn i regional klimaplan og andre kommunale planar		Kommunane	LD	År 2, År 3		
HA5 Utvikle ny og tilpasse eksisterande tilbod til universell utforming						
T1: Hjelp aktørar med tilrettelegging av opplevingar og fasilitetar for brukargruppe med særskilte behov t.d gjennom kurs	Tilby informasjon og manualar som gjer det enklare for aktørane å ta større eller mindre grep for inkludering.	VT	Telemark Næringshage Innovasjon Norge	År 2, År 3	D8-3.1	Ikkje avklara
T2: Samarbeid og bidra til prosjektet Accesstour	Kople seg på Nordlandsforskning sitt prosjekt Accesstour for å sjå korleis ein kan få til synergjar	VT		År 1		VT er allereie en del av dette prosjektet. Finansiering er avklara
T3: Prosjekt Nidelva	Kople seg på prosjekt Nidelva, for å sikre synergjar. Prosjektet satsar tungt på inkluderande og	VT	Kommunane FAUN	År 1, År 2		Ikkje avklara

	berekraftig opplevingsutvikling					
--	------------------------------------	--	--	--	--	--

7. Rekruttering og livstilstilflytting

Mål: Byggje lokal stoltheit og engasjement rundt reiselivsnæringa.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Etablere felles karrieresider/jobbportal						
T1: Etablere samarbeidsplattform for deling av arbeidskrafta		VTR	Kommunane	År 1		Avklara
HA2: Danne partnerskap med utdanningsinstitusjonane						
T1: støtte opp om og etablere tiltak som fremmer rekruttering, karriereutvikling, status og stoltheit i reiselivsnæringa		VTR	NHO NAV Kommunane Næringa	År 2, År 3	D7-1.3	
HA3: Involvere innbyggjarane						
T1: Utvikle plan på korleis ein kan involvere innbyggjarane i rekrutteringa og tilflyttingsarbeidet		Kommunane		År 2, År 3		Ikkje avklara
HA4: Etablere møteplassar for tilflyttarar	Sjå HA3 T1	Kommunane		År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara

HA5: Prosjekt BRAK	Prosjekt BRAK har definert korleis regionen og fylkeskommunane burde synkronisere og arbeidet meir målretta i fellesskap mot tilflyttarar og potensiell arbeidskraft. Kople seg opp til dette prosjektet for å koordinere korleis dette burde arbeidast med lokalt i Vest-Telemark med regionale synergjar	Destinasjonsleiinga	TFK	År 1, År 2		Ikkje avklara
---------------------------	--	---------------------	-----	------------	--	---------------

8. Program for partnerskap – intern kultur og forpliktande avtalar

Mål: Forplikte partane for å sikre ynskt utvikling

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Etablere robuste destinasjonsleiingar						

T1: Drøftingsmøte om destinasjonsleiing i kvar kommune	Skape felles forståing for omgrepet destinasjonsleiing og identifisere kvar kommune sitt behov. Korleis bør destinasjonsleiinga for den enkelte kommune sjå ut? Det er allereie gjennomført møte i Kviteseid og Vinje våren 2024. Dei andre kommunane skal gjennomføre lokale møter hausten 2024	VT	Styringsgruppe for Merket for Berekraft Marknadsråd LD Kommunane	År 1	A1-1	Avklara
HA2: Partnerskap på ulike nivå						
T1: Kartlegge behov for partnerskap på ulike nivå og i ulike målgrupper og se på moglegheita for forpliktande samhandling		Destinasjonsleiinga		År 1, år 2, år 3		
HA3: Kople seg på arbeidet i Prosjekt BRAK	Sjå innsatsområde 7, HA4	Destinasjonsleiinga	TFK	År 1, År 2		Ikkje avklara

9. Berekraftig utvikling på fjell- og hyttestedestinasjonar

Mål: Sikre vidare suksess gjennom naudsynt omstilling

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDS-PARTNARAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Utarbeide lokale reiselivsstrategiar						
T1: Reiselivsstrategi Vinje kommune	Under arbeid 2024	Vinje Kommune		År 1		Avklara
T2: Reiselivsstrategi Tokke kommune	Under arbeid 2024	Tokke Kommune		År 1		Avklara
T3: Nissedal kommune blir omstillingskommune	Sikre at omstillingsarbeidet i kommunen blir kopla tett mot reiselivsstrategiarbeidet på regionalt nivå. Det er diskutert at omstillingsstyret skal bli lokal destinasjonsleiing.	Nissedal kommune		År 1		Avklara
T4: Kviteseid kommune blir omstillingskommune	Sikre at omstillingsarbeidet i kommunen blir kopla tett mot reiselivsstrategiarbeidet på regionalt nivå. Det er diskutert at omstillingsstyret skal bli	Kviteseid Kommune		År 1		Avklara

	lokal destinasjonsleiinga					
T5: Gå vidare til neste fase på «Mulighetsstudie om Sjøormsatsing»		Seljord Kommune		År 1		Ikkje avklara
HA2: Legge til rette for meir utleige av private fritidsbustader						
T1: Utvikle ein "hyttesentral" og ein manual for utleige av private fritidsbustader		LD	Næringa	År 2, År 3		Ikkje avklara
HA3: Auke involveringa av deltidsinnbyggjaren i lokalsamfunnet						
T1: Invitere til felles møte som involverer deltidsinnbyggjarane i reisemålsutviklinga		Kommunane	LD	År 1, År 2, År 3	A1-1.3	

10. Kulturarven og den moderne vesttelen

Mål: Synleggjera og formidle moderne kultur og tradisjonar.

TILTAK	SKILDRING	HOVUD-ANSVARLEG	SAMARBEIDSPARTNARAR	TIDSRAMME	INDIKATOR	FINANSIERING
HA1: Bruk og formidling av den kulturelle rikdommen						
T1: Plan for formidling og bruk av kultur	Kommunikasjonsplan	VT	Vest-Telemark Museum	År 2, År 3		Ikkje avklara
T2: Arbeide for å få på plass ein kulturminneplan i alle kommunane i Vest-Telemark		Kommunane	Vest-Telemark Museum	År 2, År 3	C1-1.2	
T3: Fleire kulturminne i Vest-Telemark skal registrerast i Kulturminnesøk.no	Av kartlagde kulturminne i Vest-Telemark, er det 58 som blir formilda til gjester. Berre 6 er registrerte på Kulturminnesøk.no. Målet er å få fleire registrerte kulturminne inn i databasen innan 2027 (Mål: min. 24 stk totalt.)	Kommunane		Innan 2027	C1-1.3	
HA2: Nye opplevingar som kombinerer tradisjonar og moderne kultur	Sjåast i samanheng med innsatsområdet 2					
HA3: Vidareutvikle og fornye eksisterande attraksjonar og aktivitetar						

T1: Vedlikehalde Vandre Telemark	Arbeide for å få tilsett ein dedikert person til å drifte Vandre Telemark. Personen skal arbeide for at nettsidene blir oppdaterte og for at kommunane har ressursar til å vedlikehald stiar, skilt og anna tilrettelegging. Kvar sti har si historie. Den må bli meir tydeleg og bli knytt opp mot aktørane og kasseapparata.	VT	Kommunane	År 2, År 3		Ikkje avklara
T2: Vidareutvikling av kulturformidling langs Telemarkskanalen		Telemarkskanalen	Kommuane			
T2: Legge betre til rette for gardsturisme	Arbeide for at det skal bli enklare å drive med gardsturisme. Knytte det opp mot landsbruksprosjekt/ småbruksprosjekt	VTR	Landbruksforvaltninga i kommunane TFK via Matrike	År 1, År 2 År 3		
T3: Følgje med på og kople seg på Vikingtidssatsing i Vestfold og Telemark	Kauphamar – handelskuntepunkt Brynesteinsbrotet	TFK	Vest-Telemark Museum	År 1, År 2, År 3		Ikkje avklara

	Vassvegen					
T4: Utforske nye konsept for å aktualisere og fornye formidling av Skieventyret	Sjå på høve for å ta i bruk moderne teknologi (som t.d. VR/KI) for å nå nye målgrupper og modernisere utstillinga og formidlinga av skieventyret.	Vest-Telemark Museum		År 1, År 2, år 3		Ikkje avklara
T5: Utforske nye konsept for betre heilskapleg oppleving og formidling av Sogevegen		Seljord Kommune	LD VT	År 2, År 3		Ikkje avklara
T6. Gjere sjøormen i Seljord levande med moderne teknologi		Seljord kommune Møtestad	Seljord bedriftsnettverk som Mytiske Telemark og Sogevegen.	År 1, År 2		Ikkje avklara
T7: Utvikle nye metodar for å formidle historia på stader og i bygningar der ein ikkje kan vere fysisk til stades	Kan til dømes moderne teknologi ta oss med inn i Stålekleivloftet og i andre mellomalderbygg og fortelje historia om menneska som levde på den tida utan at gjesten er der inne fysisk.	Vest-Telemark Museum		År 2, År 3		Ikkje avklara
HA5: Levande og deltakande formidling						

T1: Søke midlar til pilotprosjekt for å teste ut levande formidling	Levande formidling av kunst og handverk. Kurs for vaksne og eigne målgrupper. Rom for born. Levande formidling av historia til stader og menneske. Rekruttering av ressursar til levande formidling	Vest-Telemark Museum	USN og kulturskulane	År 2, År 3		Ikkje avklara
T2: Styrke talet på guidar i Vest-Telemark som kan arbeide med levande formidling og guiding av kultur- og naturattraksjonar	Sjekke opp om Vest-Telemark kan samarbeide tettare med Telemarksguidane. Utvikle eit «guidekorps» for Vest-Telemark der pensjonistar og ungdommar arbeider side om side.	VT	USN i Bø LD	År 3		Ikkje avklara